



Erica og Cosimo trivs på Neset – her saman med vertsfamilien Gunn Mari, Asle og Gaute Moberg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**26 ungdommar frå 20 land er no i Kvinnherad der dei deltek på Lions sommarleir og to av dei bur denne veka på Neset i Uskedalen.**

Cosimo Stefanelli frå Firenze i Italia og Erica Parsons frå Parkers Prairie i Minnesota, USA, opplever norsk gjestfriheit og omsorg på sitt beste hos familien Moberg der dei trivs som fisken dei allereie har prøvd å fanga. Og dei fekk makrell på første forsøk!

Neste veke skal alle 26 bu i speidarhuset i Sæbøvik og den tredje veka vil dei vandra på Hardangervidda. Ei målsetting med ein slik leir er å oppnå auka forståing mellom ungdom som kjem frå land med ulike styresett. Og det stoppar ikkje der. Erica og Cosimo svarar "vennskap" når uskedalen spør kva dei ønskjer å få ut av opphaldet.

Cosimo bur sentralt i ein by som er ein eineståande kulturhistorisk metropol, men ikkje uventa er han mest interessert i sport. Han spelar fotball og er med rette stolt av topplaget Fiorentina. Men aller best er han i bordtennis, der han faktisk har vorte italiensk meister i sin klasse. Grunnen til at han valde å reise på leir i Noreg denne sommaren er grei nok: Far hans er Lions-entusiast og marknadsførte tilbodet for sonen. Samstundes hadde Cosimo lyst til å reise til Nord-Europa for første gong og følgje broen sitt eksempel.

For Erica var valet av sommarferiestad 2008 lett, for ho har norske røter iog snakkar godt norsk. Ho trur at bestefaren Walter Spidahl, som bur i Fergus Falls i same stat, kjem frå Lillehammer-området. I det minste var han i OL-byen i 1994. Erica har vore elev ved den "norske" Skogfjorden-leiren i Minesota i sju somrar og i tilsaman 20 veker.

- Men heretter satsar eg på turar til Noreg, seier Erica, som også var her i mars og vitja ei venninne som gjekk på folkehøgskulen i Seljord. Også Erica er flink i sport – ho spelar tennis.

Parkers Prairie er som namnet fortel ein typisk prærieby og har 1.000 innbyggjarar. Det er fleire tyskarar enn nordmenn der og farmarane dyrkar mais og soyabønner.

- Kva venta du å finna i Noreg, Erica?

- Fremfor alt eit vakkert landskap. Og eg har ikkje vorte skuffa. Dette er stort, svarar Erica og skuar opp mot Uskedalsfjella.

I Uskedalen har Cosimo og Erica allereie hatt fleire "skuletimar" om norske mat-tradisjonar og til og med testa lubbesilda. Dei hevdar at ho fall i smak. Heime i Minnesota har Erica ete fleire norske rettar, men det står enno att å testa lutefisken, som ikkje overraskande er ein slagar for bestefaren.

Fredag står truleg ein tur til Voss og med Flåmsbana på tur for dei to 17-åringane. Fredag skal heile gruppa til Slåtterøy fyr og neste veke kjem dei til Fjellandsbø.

Av Ola Matti Mathisen



Cosimo er med rette stolt av storspelaren Pazzini på Fiorentina og hadde med trøye til vertskapet! (Foto: Ola Matti Mathisen)